



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - søknad - økt slukeevne - Kvåle kraftverk - Luster

Statsforvaltaren vurderer endringa av slukeevna som moderat, og akseptabel for allmenne interesser. Dette føreset at tiltaket ikkje forsterkar eventuelle tørrleggingseffektar nedstraums kraftstasjonen ved uføresette utfall slik at sjøauren blir skadelidande.

Vi viser til høyringa av søknaden om å auke slukeevna i Kvåle kraftverk, frå konsesjonsgitte 5,2 m³/s til 5,45 m³/s, for å auke årsproduksjonen med 0,3 GWh. Dette vil auke vassuttaket frå 158 prosent til 165 prosent av middelvassføringa i Dalsdalselvi. Endringa vil redusere tal døgn med overløp frå kraftverksinntaket, og dermed vassføringa i elva.

Vår vurdering

Slukeevneintervall og minstevassføringsvilkår er viktige premisser for å finne rett balanse mellom kraftproduksjon og allmenne interesser ved vasskraftutbyggingar. Vassføringar større enn største slukeevne, og mindre enn minste slukeevne pluss minstevassføring, tilfører vatn utover minstevassføringa og gir ein dynamikk som er viktig for naturmiljø og friluftsinteresser.

Det kan vere uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. Det bør difor vere ein viss terskel for å akseptere auka vassutnytting i disfavør av allmenne interesser.

Det er søkt om ein høvesvis liten auke i vassuttaket i høve til dagens reglement, og eventuell ny slukeevne vil framleis ligge godt innafor det som har vore vanleg for vasskraftutbyggingar som har fått konsesjon dei seinare åra. Vi reknar i utgangspunktet ikkje med at endringa vil få særlege konsekvensar for naturmiljø eller for opplevinga av elva som landskapselement.

Det bør likevel vurderast om endringa kan auke eventuell fare for tørrlegging av leveområde for sjøaure nedstraums kraftstasjonen ved uføresette driftsstans, dersom kraftverket er bygt utan omløpsventil. Vi tilrådde krav om omløpsventil i fråsegna vår i konsesjonshøyringa, men vi har ikkje tilgjengeleg vedtaket som viser om dette blei følgt opp eller ikkje.



Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Luster kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 77
Postboks 7900

6866
5020

GAUPNE
BERGEN